

# BAKTERIELL VAGINOSE

## **KVA ER BAKTERIELL VAGINOSE?**

Bakteriell vaginose er ein ubalanse i bakterifloraen i skjeden. Mjølkesyrebakteriane (laktobasillane) som normalt lever i skjeden og gjer miljøet der surt, blir fortrenge av andre bakteriar.

## **KVA ER ÅRSAKA TIL AT PLAGENE OPPSTÅR?**

Kvifor denne ubalansen oppstår veit vi ikkje.

## **KVA SYMPTOM KAN EG FÅ?**

Dei fleste kvinnene som har bakteriell vaginose, merkar ei stram, fiskeluktliknane lukt av utfloda. Du kan også få litt meir utflod enn vanleg og kanskje litt svie.

## **ER DET FARLEG?**

Nei, dette er ikkje farleg. Dersom du ikkje har plager, treng du ikkje behandling. Dersom bakteriell vaginose oppstår i graviditeten, bør du truleg behandlast sjølv om du ikkje har symptom.

## **KORLEIS KAN DIAGNOSEN STILLAST?**

Du kan sjølv merke lukta av utfloda. Legen kan ta ein prøve av utfloda og undersøkje surleiksgraden (pH-nivået), ta luktetest og sjå på mikroskopisk utstryk.

## **MÅ EG FÅ BEHANDLING FOR Å BLI KVITT PLAGENE?**

Nei, kroppen kan klare å ordne opp på eiga hand, men går ikkje plagene over, bør du kontakte lege.

## **KVA BEHANDLING KAN EG FÅ?**

Du kan anten få tablettar eller lokalbehandling med krem eller vagitorier (stikkpillar) i skjeden.

## **ER BEHANDLINGA EFFEKTIV?**

Ja, dei fleste blir friske når dei får behandling, men ca. 30 % får tilbakefall.

### **ER BAKTERIELL VAGINOSE VANLEG?**

Ja, dette er ei vanleg plage hos vaksne kvinner

### **ER DET SMITTSAMT?**

Nei.

### **SKAL PARTNER HA BEHANDLING?**

Partner treng ikkje behandling.

### **KAN EG GJERE NOKO FOR AT PLAGENE IKKJE SKAL DUKKE OPP ATT?**

Vi veit lite om førebyggjande tiltak. Å bruke lokalbehandling med mjølkesyrepreparat eller mjølkesyrebakteriar har ingen dokumentert effekt.

### **KVA SKAL EG GJERE DERSOM EG FÅR PLAGENE IGJEN?**

Dersom du har illeluktande utflod og plagene ikkje går over av seg sjølv, bør du ta kontakt med lege. Har du hatt seksuell kontakt med ny partner utan bruk av kondom, kan bakteriell vaginose vere symptom på at du er smitta med ein seksuelt overførbar sjukdom. Dersom du ikkje har fått ny partner og har fått symptom på bakteriell vaginose, er det opp til din lege om han / ho vil gje deg resept på medisin utan å undersøkje deg.

Har du spørsmål, kan du vende deg til:

**Avdeling: Poliklinikk for SOI, Hudavdelinga**

**Telefon: 55973962**

**[www.helsebergen.no](http://www.helsebergen.no)**